

From: "Lisbeth Selstø" <lisbethsels@gmail.com>
Sent: fredag 2. april 2021 21.07
To: "uttalelse@nve.no" <uttalelse@nve.no>
Cc: "Oystein.pedersen@bkkfiber.no" <Oystein.pedersen@bkkfiber.no>
Subject: Høringsuttalelse 202007632

Viser til søknad om regulering og uttak frå Kvernavatet. Den samla vurderinga av tiltaket er satt til null for fleire temaområde, som har høg verdi for oss grunneigarar og Telavågssamfunnet.

Søknaden viser at det skal brukast meir vatn enn kva som vart førespegla for oss grunneigarar då vi signerte avtale om bruk av Kvernavatnet. Omfanget av tiltaket/settefiskanlegget og produksjonen ser samla sett ut til å vera større enn dei planane som tidlegare er lagt fram for oss, og vi er skeptiske til korleis tiltaket vil påverka nærmiljøet vårt, med sjøtrafikk og støy i Selstøvågen, tungtrafikk og trafikk frå tilsette. Vi opplever at søknaden har eit einseitig fokus på samfunnsnyttan dette tiltaket fører med seg, der viktige element i nærmiljøet vårt vert utelaten og vekta ned, som natur og naturmangfald, dyreliv (særleg hjort), landskap, friluftsliv og kulturminne. Vi vil særleg trekka fram følgjande:

- Rapporten viser til at det ikkje er landbruk i området i dag. Det er ikkje riktig. Det ligg seks landbrukseigedommar på Selstøa, og arealet rundt Selstøvågen og Kvernavatnet (med vatnet) er viktige ressursar og landbruksareal for oss grunneigarar. Potensiell landbruksdrift på Selstøa må vektleggast.
- Søknaden viser ikkje til potensialet for framtidig utbygging. Det er blant anna skilt ut tomter på gbnr. 136/2 og det er satt av bustadformål innanfor 136/4. Vi forventar at Telavåg settefisk sin bruk av vatnet ikkje vil vera til hinder for allereie planlagt utbygging, og heller ikkje er til hinder for framtidig utbygging og utvikling av eigedommane våre.
- Søknaden tek ikkje med seg at aktiviteten frå smoltanlegget og tapping av vatnet påverkar viktige kulturminne på Selstø. Fleire av desse kulturminna er ikkje nemnt i søknaden. Innanfor influensområdet ligg det restar frå ei kvern, ei kvern som er restaurert og to sjøbuer. Desse kulturminna er nokre av dei få vi har att i Telavåg frå før krigen. Demningen i seg sjølv utgjer eit viktig element i kulturhistoria til oss frå Selstøa, og det er fleire rester av steingardar og uteflorar i området.
- På Selstøa er det eit aktivt friluftsliv. Kvernavatnet er skøytevatn om vinteren og vert brukt til padling heile året. Det går ingen merka turløyper i området rundt Kvernavatnet, men det er mange stiar og tråkk her, og området vert brukt mykje til jakt og friluftsliv. Tiltaket er ikkje vurdert opp mot den bruken og verdien som utmarka rundt Kvernavatnet og Selstøvågen utgjer som friluftsområde. Anleggsfasen og tiltaket i og rundt Selstøvågen vil få store negative konsekvensar for aktiviteten ved kverna, Selstøbuen og dei merka nordsjøløypene.
- Restane frå tidlegare smoltproduksjon i Selstøvågen er skjemmande for naturen, landskapet og kulturminna i området. Truleg har tidlegare nedtapping av vatnet også øydelagt for fiskestammane. Tapping av vatn frå Kvernavatnet bør bøtast på ved å ta betre omsyn til demningen og restane frå denne kverna. Eksisterande vassrøyr må reetablerast slik at det ikkje ligg i dagen. Det bør vera vassmålar på røyra som går frå Kvernavatnet, for å måla kor mykje vatn som faktisk vert tappa for formålet.

- Nedbørsfeltet i søknaden tek med seg eit større areal nordvest på Selstøa, som har naturleg avrenning mot Selstøsjøen og Nordre Hovden. Er det ein grunn til at søknaden inkluderer dette arealet?

Med helsing

Berit og Øystein Pedersen (gbnr. 136/4)

Lisbeth Selstø (gbnr. 136/14)